



Helge Ånensen
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5799 - 20/12603

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
04.03.2020

Ferdigattest tilbygg bustad - gbnr 196/79 Midtgård

Administrativt vedtak. Saknr: 238/20

Tiltakshavar: Helge Ånensen
Ansvarleg søkjar: Vest Tømrerservice AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg bustad og etablering av ny brukseining på gbnr 196/79.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.08.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.02.2020.

Ved søknad om ferdigattest er det gjort greie for endring av ansvarsrett – ansvarleg søkjar.

Skildring

Adresse:	Kleivdalsvegen 70
Bygningstiltak:	Tilbygg einebustad
Bygningsnummer:	176288701-1
Bruksareal:	113m ² (tilbygg)
Vatn/avlaup:	Offentleg

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5799

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helge Ånensen
Vest Tømrerservice AS

c/o Frode
Vassnes
Kleivdalsvegen
70A

5915
5915

HJELMÅS
HJELMÅS